

Sverre Solberg

Til: lise.oen@vegvesen.no
Emne: Forslag til protokolltilføyelse for gbnr 245/9 og 14.
Vedlegg: Forslag til tekst i påteikning i oppmålingsprotokoll over gbnr 245.docx

Hei Lise !

Skjøna like lite som deg, kvifor gjerdet var ved bolt 1 når den skulle vore minst ½ m lenger mot nord-vest ?

Dette er vel noko av saka's kjærne !

Vedlagt finn du forslag til protokoll-tilføyelse m/innleiande saksutgreiing, som me avtalte i går.
Sjå gjennom dette og sjå om du kan gå for innhaldet ?

Høyrer frå deg !

Mvh.

Sverre Solberg | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: 563 75 621 – 977 36 578

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Forslag til tekst i påteikning i oppmålingsprotokoll over gbnr 245/9 og 14.

Saksutgreiing:

Under oppmålingsforretning 24. 10. 2019, vart avstand på «ca. 7,0 meter til bnr. 4 sin innmarksteig» lagt til grunn for avstand - frå kross i fjell lenger sør-aust i merkeslinja. Slik det står skreve i skyldskifteforretning over gbnr 245/9. (Et. 03. 04. 1945.) Her stod også restar etter eit eldre gjerde i marka.

Når me så strekkjer ei rett linje frå godkjent fjellbolt om lag 4,5 m aust for F.v. 394 og gjennom denne bolten mot sjøen, kjem me om lag 1 m sør-aust for gamal gjerdelinje – ca. 7 m frå Hindenesfjorden.

Forlenga me 12. skiftelinja frå enden av linja i aust - gjennom grensemerke som ligg om lag 4,5 m aust for F.v. 394 mot sjøen, stemmer dette ganske bra med oppsettet av det gamle gjerdet !

For at 12. skiftelinje skal vera ei rett linje, ser det ut for at avstanden i skyldskiftet skulle ha vore om lag 7,5 m eller 7,6 m. (7,55 m).

Tekstforslag:

Partane er samde om å setja ned to godkjente boltar i fjell ved sida av gamle gjerdestolpar om lag 7 m og 25 m frå Hindenesfjorden.

Frå sistnemde merke, går merkes- linja til godkjent bolt i fjell om lag 8 m vest for garagen til b.nr. 14 og vidare som avtalt i forretningsmøtet 24. 10. 2019 mot F.v. 394.

Knarvik, 25. 02. 2020.

Sverre Solberg.